

Årsmelding for Voss Idrottsråd 2022 (1.1.22-1.5.23)

Årsmøtet for 2022 vart avvikla måndag 30.juni på Park Hotel med val av nytt styre og funksjonstid.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2022)
Nestleiar	Sofie Torlei Olsen		2 år (2022)
Styremedlem	Hege Toje	Voss Håndballkubb	1 år (2021)
Kasserar	Trond Syversen	FBK. Voss	2 år (2022)
Styremedlem	Mariann Hauger	Hardanger håndbakkubb	2 år (2022)
Styremedlem	Atle Seim	Granvin IL	2 år (2021)

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Vara-medlemmer har møtt

Mildrid Sandvik 2 år (2020)

Anne Karin Dugstad valt for eit år etter årsmøtet. (Ikkje møtt)

Kontrollutval

Terje Eide Bjørgum IL 2 år

Nils Inge Håland Voss IL 1 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrotts plass.
- Trond Syversen har vore kasserar.
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

Arbeidet i Styret.

Pandemien har i mindre grad påverka aktivitetsnivået dette året.

Styret har i løpet av perioden avhalde 9 styremøter forutan årsmøtet, nokre på Teams. Voss herad sin idretts- og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøtene.

Olav Farestveit og Anne Karin Dugstad har vore med i styret i Idrettens Olympiade.

Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 42 lag som samla utgjer Voss Idrottsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Vestland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er til saman 10 232 medlemskap innan Voss herad, noko som tilsvarar ca. 60 % av folkesetnaden. Det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss. Totalt er det ein framgang på omlag 11 %. Nedgangen frå 2020 har stoppa opp.

Kontingent for medlemskap i VIR

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2022 då den økonomisk situasjonen i idrettsrådet er god grunna lågare aktivitet i pandemien. Styret tilrår at denne ordninga held fram eitt år til. Når aktivitetsnivået aukar og behovet for inntekter vert større, vert det vurdert å innføra kontingent att.

IT-løysing

Voss Idrottsråd har etablert ei Team-løysing med post@vossidrottsraad.com som eigar og eine-medlem. Dette betyr at domene vossidrottsraad.com og e-postbrukar er flytta over til Microsoft. Styret i idrettsrådet er gjester (med sine e-post-adresser) til dette Teamet og kan oppdatere dokumenter og delta på møter. Heimesida er framleis drifta av Dform. Vi vil sjå på nye løysingar når det gjeld heimeside

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2022

- **Medaljebygda Voss.**
Dette er eit prosjekt med utgangspunkt frå Hardanger og Voss Næringshage. Her har idrettsrådet jobba saman med Næringshagen, Voss herad, Voss Sentrum, Bård Mossige og Per Finne i eit forprosjekt for å avklare innhald og design på korleis me kan heidra dei mange medaljevinnarane våre på ski (20 stk med 99 medaljer frå VM og OL).
- **Reduserte kostnader for born og unge**
Idrettsrådet har saman med Fylkeskommunen og Heradet arbeida vidare med korleis me kan få reduserte leigekostnader for born og unge i kommunale og fylkeskommunale idrettsanlegg. Dette for å redusere utanforskap og generelle kostnader for idrettslag. På Voss Gymnas har dei gjennomført ei prøveordning med gratis utleige på kveldstid (mandag-torsdag). Prøveordninga skal no evaluerast før kommune og fylkeskommunen går vidare. Me har også saman med Heradet sett på korleis me kan redusera kostnader for låginntektsfamiliar når born og unge skal delta i idrett og aktivitet.
- **NM-veka vinter**
Vestland idrettskrets arrangerte NM-veka vinter i 2022 i Bergen og Voss. Utedelen var på Voss og i Myrkdalen. Etterkvart vart dette noko nedskalert med Telemark, Randoné og Snørugby som greiner. Arrangementet var gjennomført på ein god måte med svært god fjernsynsdekning frå Myrkdalen. Voss Idrottsråd var kontaktpunkt for Idrettskretsen.
- **Sentralidrettsanlegget.**
Arbeidet med ny reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget har vore viktig i arbeidet til VIR. Voss herad har arbeida vidare med ny reguleringsplan. Sentralt i planen er dei to torga idrettstorg og aktivitetstorg.

Reguleringsplan er handsama politisk 2022 . Delar av planen er no under realisering

- **Idrettens olympiade A/S**

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. På bakgrunn av dette vart det etablert eit selskap: "Idrettens Olympiade AS". Dette selskapet var likt eigd av Voss idrettsråd og Idrettsrådet i Bergen . Hordaland Idrettskrets kom inn som likeverdig medeigar. No er Vestland Idrettskrets medeigar.

Norges idrettsforbund sette ned eit utval som skulle utgreia om «Idretten ønskjer at Norge skal søkja om eit OL/PL i nærmaste framtid» leia av Mia Gerhardsen. Dette utvalet har hatt mange møter med idrettslag i Norge mellom anna Voss idrettslag. Utvalet skal leggja fram sin tilråding på idrettstinget i juni i Bergen

I påvente av konklusjonane til dette utvalet har Idrettens Olympiade AS arbeida med å informera og påverka viktige organisasjonar og personar om våre tankar kring eit framtidig OL/PL.

- **Idrettspolitisk møte haust 2023**

Idrettsrådet samarbeida med Avisa Hordaland og har sendt ut ein invitasjon til alle idrettslag og politiske parti om eit idrettspolitisk møte i det nye idrettsbygget til FBK Voss og Voss IL.

Temakveldar

Idrettsrådet arrangerte ein temakveld 7.april på Scandic Hotell Voss.

Gode innlegg med

- Marco Elsafadi «Motivasjon, ansvar og samspel som skapar idretts glede»
- Elisabeth Fareth «Kjønnsbalanse i Norsk idrett» .

Idrettsrådet arrangerte saman med Voss Røde kors eit førstehjelpskurs for idrettslag. 15 deltakarar, ein kveld på 3 timar.

Om LAM-midlar

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF.

I 2022 vart laga i Voss kommune tildelt kr. kr 1 289 408.

Pengane vart fordelt etter fordelingsnøkkel som før.

- Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 30 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
- Funksjonshemma får 3000 kr pr medlem (6-19 år)
- Resten vert fordelt etter antal medlemmer i aldersgruppa 6-12 år og 13-19 år,
- Alle aktive lag får minimum 1000 kr

Tilskot for å sikre unges deltaking i idretten

Voss idrettsråd lyste ut midlar på kr. 50.000 som idrettslaga i heradet kan søkje om. Midlane skulle nyttast for å sikre dei unges deltaking i idretten.

Desse fekk tilskot


- Eldar IL Rugby kr. 10 000
- Voss IL Alpin kr. 10 000
- Voss Klatrarlag kr. 10 000
- Voss IL Volleyball kr. 20 000

Nye anlegg.

- FBK Voss og Voss IL arbeider saman om å byggja felles klubbhus
- Voss IL og Il Ørnar har arbeidd med oppgradering av løyper og snøproduksjonsanlegg i Bavallen
- Bavallsbakken a/s arbeider med oppdragering av hoppbakken.
- Voss Ski- og tursenter har laga rekruttbakkar for hopp og langrenns-kross samt planar for utviding av snøproduksjonsanlegg
- Voss Skyttarlag føretekk store oppgraderingar på Skjerve skytebane
- Voss Hang- og paragliderklubb byggjer Luftsportsanlegg på Hanguren

Om spelemidlar.

Søknadssum for ordinære anlegg i 2022 gjekk ned til 33,5 millionar. Dette fordi mange anlegg nyleg fekk tildelt midlar. Det vart totalt tildelt 10.1 millionar til anlegg på Voss i 2022 . Nærmiljøanlegga (ca 600 000) vil få tildelt midlar anten fyrste eller andre året dei søker, medan ordinære anlegg kan måtte venta i 5-6 år.



VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 4-5 års- periode.

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Laga har stor eigeninnsats og Voss herad gjev økonomisk stønad til dei største vinter- og sommaranlegga. Me arbeider med å få auka denne støtta som er altfor liten og har stått stille i mange år.

Det vart i januar 2022 gjort endringar i tilskota til vedlikehald av idrettsanlegg. Ordninga gjekk frå å vera ei ordning der enkelte anleggseigarar leverte inn rapport og fekk tildelt støtte til å verta ein søkbar ordning. Det kom 12 søknadar på til saman kr 977.975,-. Det blei tildelt kr 200 000.

Edvard B.Hegboms minnefond.

For 2022 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris i samband med 17. mai feiring til Arnstein Aas Voss IL.

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend .

Rekneskap

Rekneskapen er oppgjort med –45 605 kr. Noko som i sin heilskap er dekkja inn av eigenkapitalen.

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR. Idrettsrådet skal hjelpa til med råd og rettleiing og vere bindeledd mellom lagslivet og heradet.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av dette. Det er og viktig at laga viser engasjement i høve til VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i styremøte og i andre samanhengar. Styremedlemene må i tillegg bidra i dei arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt eit beløp på 16.000 kr. som godtgjersle for dette engasjementet. Pengane vert fordelt i høve til arbeidsmengde og innsats.

Styret tilrår at dette held fram.

Årsmøteprotokoll Voss idrottsråd (VIR)

Dato: Torsdag 8. juni 2023

Tid: kl. 19-20:30

Stad: Park hotell

Sak 1: *Godkjenne av frammøte-representantane*

Representantane vart godkjent.

Sak 2: *Val av ordstyrar*

Olav Farestveit vart vald til ordstyrar.

Sak 3: *Val av referent*

Hege Toje vart vald til referent.

Sak 4: *Val av to representantar til å underskrive protokollen*

Terje Vethe (Voss Golfklubb) og Randi Skjeldal (Bulken IL) vart vald til å underskrive årsmøteprotokollen.

Sak 5: *Godkjenne innkallinga*

Innkalling vart godkjent.

Sak 6: *Godkjenne sakslista*

Sakslista vart godkjent.

Sak 7: *Behandle årsmeldinga.*

Leiar Olav Farestveit presenterte årsmeldinga.

Merknad: Tore Tvilde (Voss IL) opplyste om at det no er etablert eit selskap, Bavallsbakken AS, som arbeider med oppgradering av hoppanlegget på Voss.

Årsmeldinga vart godkjent av årsmøtet.

- Nils Helge Kvamme (Voss herad) orienterte om at ordninga om gratis halltid på Voss gymnas utvidast til Voss vidaregåande skule. Fylkespolitikarane er tydelege på at de ønsker å redusere kostnaden for deltaking i aktivitet for born og unge. Kvamme orienterte årsmøtet om at Voss herad har samla inn informasjon om bruk og behov for treningstid for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for å kunne støtte idrettslaga i heradet.
- Idrettens olympiade. På Idrettstinget i juni 2023 blei det klart at NIF ikkje vil arbeide for å søke OL gitt økonomisk situasjon i landet og verden. Satsinga er difor frosse.
- Farestveit informerte om at idrettsrådet ynskjer å sjå på nye løysingar for heimesida til rådet i året som kjem.

Sak 8: *Behandle rekneskapen*

Idrettsrådet har vald å gå med underskot på 45 604 kroner. Årsaka til dette er at idrettsrådet har valt å ikkje innkrevje medlemsavgift av medlemslaga. Likviditeten i idrettsrådet er likevel god.

Kontrollutvalet godkjenner rekneskapen. Årsmøtet hadde ingen spørsmål til rekneskapen.

Edvard B. Hegboms minnefond: Idrettsrådet ser at minnefondet minskar, VIR må stryke kontoen enten med egne midlar eller få tak i midlar frå andre stader. Det er inga akutt fare, men en lyt ta grep allereie no. Rekneskapen for Hegboms minnefond er godkjent.



VOSS IDROTTSRÅD

Eit fellesorgan for idrettslag, organisasjonar og klubbar i Voss herad

Lokale aktivitetsmidlar (LAM): Årsmøte vedtok at VIR i staden for å krevje inn medlemsavgift set av inntil 5 % av LAM midlar til drifta av idrettsrådet. Årsmøte vedtok at det kan settast av midlar til utdanning av ungdomstreningar, dommarar og ungdomsleiarar– Styret i VIR får tillit av årsmøte til å utvikle en god modell på ei slik tildeling.

Sak 9: Behandle handlingsplan. Handlingsplanen fekk støtte på årsmøtet. Vestlands idrettskrets representant skrytte av at handlingsplanen var konkret og målretta. Årsmøte har vedtatt handlingsplanen.

Det blei reist spørsmål om det er gjort noko meir om å organisere friluftsråd på Voss. Kvamme orienterte om at Voss Herad søker om å bli medlem i Bergen og omland friluftsråd frå 2025.

Sak 10: Val av styre - Valnemda v/Ann Karin Dugstad

Olav Farestveit vart gjenvald som leiar. Erling Midtun erstattar Mariann Hauger frå Hardanger Handbakkklubb som styremedlem.

Vald styre for 2023:

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL (1 år)
Nestleiar	Sofie Torlei Olsen	(ikkje på val)
Styremedlem	Hege Toje	Voss Handballklubb (2 år)
Kasserar	Trond Syversen	FBK. Voss (ikkje på val)
Styremedlem	Erling Midttun	Hardanger handbakkklubb (1 år)
Styremedlem	Atle Seim	Granvin IL (2 år)

Varamedlem: Mildrid Sandvik (1 år)
Gunn Hirth (1år)

Valnemd: Ann-Karin Dugstad (Ikkje på val)
Torgils Bryn (2 år)
Martin Hindenes (2 år)

Kontrollkomite: Terje Eide (ikkje på val)
Steinar Røthe (2 år)

Stad, dato:

Voss 28.6.23

Terje Vetthe

Randi Skjeldal

Signatur

Side 2 av 2

Til årsmøte i Voss Idrottsråd

RAPPORT FRÅ KONTROLLUTVALET

Me har sett gjennom rekneskapet til Voss Idrottsråd for 2022 og meiner at det kan godkjennast av årsmøtet .

Bankkontoane stemmer med dei tala som står i rekneskapet.


Kontoplanen til NIF er no brukt på rekneskapet slik som det skal vera.

Etter reglane kan og Idrottsrådet søkja om momskompensasjon.


Det er berre rekneskapet me har kontrollert.

Voss , den 6. juni 2023

Terje Eide



Nils Inge Haaland



Voss Idrottsråd

Resultatregnskap

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2022	
Driftsinntekter		
Sponsor- og salgsinntekter	kr	-
Offentlige tilskudd	kr	70 000,00
Andre inntekter	kr	-
Sum driftsinntekter	kr	70 000,00
Driftskostnader		
Varekostnad	kr	-
Lønns- og personalkostnader	kr	16 000,00
Avskrivninger	kr	-
Andre driftskostnader	kr	100 097,05
Sum driftskostnader	kr	116 097,05
Driftsresultat	-kr	46 097,05
Finansposter		
Finansinntekter	kr	492,09
Finanskostnader	kr	-
Sum finansposter	kr	492,09
ÅRSRESULTAT	-kr	45 604,96
Disponering av årets resultat		
Fra egenkapital	kr	45 604,96
Avsatt	kr	-
Sum disponering	kr	45 604,96

Hovedboksonto

30xx-32xx
34xx
3500-3999

4xxx

6000-6099
6100-7449,7461-7999

80xx
81xx

Busjett Voss Idretttråd 2023

Tekst	Inntekt	Utgift
Tilskott mku	70 000	
Renter	200	
Kontigent idrettag	-	
Utgifter		
Diverse utgifter		10 000
Reiser		15 000
Arrangement		25 000
Trenerstøtte , støtte til lag		20 000
Styrhonorar		20 000
Oppgradere heimeside		20 000
Sum	70 200	110 000
Underskudd		- 39 800

